

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 24.september 2014

Frå: Fylkesrådmannen

Revisjon av verdigrunnlaget

Profilen på ulike verdisett i offentlig forvaltning har endra seg mykje på 20 år. Fokus i vårt eige verdigrunnlag har i stor grad vore prega av eit internt fokus på medarbeidarar og organisasjon. I høve seinare utarbeidde heilskaplege verdisett i offentlege organ, har verdigrunnlaget vårt mindre fokus på forhold som openheit, service, korrupsjonsutfordringar og intern kontroll.

På ei leiarsamling i Florø i fjor haust tok fylkesrådmannen til orde for at vi bør oppdatere, revidere og forenkle det etiske grunnlaget vårt. Dei samla etiske styringsverktøya inneheld svært mange ulike punkt, og det litt vanskeleg å skilje mellom alle «oppramsingane». Nokre punkt glir litt over i kvarandre og andre ting kan vere utegløynd utan at dette er lett å oppdaga.

Fylkesrådmannen legg no opp til at det vert fremja ei sak til fylkestinget (desember 2014) og at det nye regelverket skal gjelde både for folkevalde og for tilsette.

Eit suksesskriterium for etikkarbeid er forankring hjå leiinga. Dialog med alle grupper er heilt naudsynt. Fylkesrådmannen si leiargruppe har no drøfta både framlegget både til (ny) verksemdside, nytt verdigrunnlag og døme på retningslinjer for kvar verdi. Dette skjedde 16.juni 2014 og vidare i utvida leiargruppe for sentraladministrasjonen 19.august 2014.

Vidare skal revidert verdigrunnlag forankrast og utarbeidast i dialog med alle administrative grupper mv: Rektormøta, klinikksejfmøte, avdelingane i sentraladministrasjonen, partssamansette utval.

Administrativt vil saka bli ferdigstilt tidleg i november og så gå til politisk handsaming i november/desember 2014.

Fylkesrådmannen orienterer med dette fylkesutvalet om arbeidet så langt, [jf. vedlagde statusnotat](#), tek gjerne i mot ev. synspunkt eller merknader.